

50 julebordgjestar - og Morten

25.11.2011



Inn med silikon før julebordet!

**Morten Nilsen er på plass att som dagleg leiar av Systrene
Nilsen etter klatretur i Himalaya og i morgen kveld
ynskjer han minst 50 julebordgjestar velkome til det første av 2 julebord.**

**Det neste er neste laurdag og da er det fullsett med 90. Men
denne laurdagen er det plass til ytterlegare 10 - hvis dei er
raskt ute. Det er også levande musikk ved ein trubadur
som kallar seg Festus og er frå Austlandet.**

Morten er full av entusiasme etter å ha vore 6 812 og 6192 meter over havet (Ama Dabla, kanskje verdas finaste fjell og Island Peak) og er glad for at han kjem til bokstaveleg tala dekka bord. Det har eigarane sørga for.

Dei har også vore vertskap for fleire lukka lag utover hausten og fleire kjem sikkert utover vinteren. Morten utelukkar heller ikkje at det kan bli fleire julebord, og også arrangementer i jula hvis det er stemning for det. Kanskje også ein quiz?

Men førebels jobbar han med å gjera alt perfekt til julebordet i morgen. Til dømes tettar han med silikon sprekkar i vindauge slik at stormen ikkje skal gjera det for luftig for gjestane! Morten er fornøgd med det som er skjedd sidan han

reiste på sin nesten månadslange tur til verdas tak og nemner ikkje minst Martabu som julebu. Det synest han er eit framifrå tilbod og akkurat kva han hadde tenkt seg. Han ser også for seg bruk av den koselege gamlebutikken i andre samanhengar.

Sjølv kjem han til å bu i Bergen framover men det er fort gjort å komma til det som har vorte ein heim også for han. Neste år satsar han på ein ny klatretur i Himalaya og då skal han vera tidlegare ute og få med seg nokre fleire. Men han kjem att til Systrene Nilsen når det blir bruk for han.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen